

MOTTATT
18 SEPT 2009
PRÅKRÅDET



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

SPRÅKRÅDET		
Saksnr. 200700253	Dok.nr. 23	U.off.
Journaldato 18.09.09	Arkivkode 310	Saksbeh. MH
Avskr.kode	Dato	Signatur

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

2007/04634 KU/KU3 IE:sko

Dato

17.09.2009

Klarsignal til å setja i gang arbeidet med gjennomgang av nynorskrettskrivinga

Vi viser til tidlegare brevsifte på bakgrunn av styrevedtaket frå 13. september 2007 om revisjon av nynorsknorma, jf. sist vårt brev til styret av 22. februar 2008.

I språkmeldinga, St.meld. 35 (2007–2008) *Mål og meining – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, har departementet konkludert med at det ikkje vil vera rett å gå imot at dette arbeidet blir sett i gang slik styret har vedteke. Det heiter vidare at departementet heller ikkje har merknader til at styret har gjort vedtak om ei klar retning og ein klar ambisjon for arbeidet.

I meldinga er det likevel lagt til grunn at nynorsken framleis skal vera slik utforma at han kan ha appell til språkbrukarar over heile landet, og at ein ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar, jf. kap. 9.2.1.6, s. 205–206.

Under oppsummering av prioriterte tiltak i kap. 9.4 i meldinga heiter det i pkt. 12 at departementet vil gje Språkrådet klarsignal til å setja i gang arbeidet med å førebu ein revisjon av rettskrivingssystemet i nynorsk.

Språkmeldinga vart som kjent behandla i Stortinget 28. april 2009, jf. Innst. S. nr. 184 (2008–2009). Stortinget hadde ikkje merknader til departementet sine vurderingar og konklusjonar om nynorsknorma. Heller ikkje under dei generelle merknadene om språknormering og språkrøkt i kap. 2.4.2 i innstillinga er dette spørsmålet kommentert spesielt.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo


Kontoradresse
Akersg. 59


Telefon - sentralbord
22 24 90 90
Org. nr.
972 417 866

Kulturavdelinga
Telefaks
22 24 80 38

Saksbehandlar
Ingvar Engen
22 24 80 31

På bakgrunn av dette bør Språkrådet no kunna setja i gang arbeidet med ein gjennomgang av nynorsknorma slik styret tidlegare har vedteke og med grunnlag i drøffinga og vurderingane i språkmeldinga.

Med helsing

Stein Sægrov e.f.
avdelingsdirektør


Ingvar Engen
seniorrådgjevar